

## Oppdal Senterpartis historie



Senterpartiet i Oppdal har røtter helt tilbake til 1922, da Oppdal Bondeparti for første gang stillte liste. Bondepartiet fikk ved sitt første valg i Oppdal, rent flertall i kommunestyre med 13 representanter. Sivert H. Sæther ble den første ordfører for Bondepartiet.

Ved kommunevalget i 1925 får Bondepartiet fornyet folkets tillit og får 12 representanter. Esten K. Gorseth overtar som Ordfører, han er ordfører fram til 1928 da Ole O. Stuen overtar. Ved valget det året får Bondepartiet på nytt 12 representanter. Ved kommunevalget i 1931 får Bondepartiet rent flertall og Peder Haugseth overtatt som ordfører. Ved kommunevalget i 1934 mister Bondepartiet sitt flertallet, Bondepartiet får 11 representanter ved kommunevalget dette år. Peder Haugseth fortsetter likevel som ordfører. Ved valget i 1937 får Bondepartiet på nytt 11 representanter og dermed fortsatt ikke flertall, men Esten K. Gorseth som var ordfører fra 1925 til 1928, blir på nytt ordfører. Han er ordfører frem til 1940 og i 1945.

Kommunevalget i 1945 blir et dårlig valg for Bondepartiet og partiet får kun 7 representanter. Bondepartiet mister dermed ordføreren i bygda. I 1947 er fortastt parties oppslutning lav, med kun 8 representanter. Kommunestyre velger likevel Leif Skorem fra Bondepartiet sin liste til ordfører. Fra 1947 og fram til 1958 besitter Bondepartiet ordfører posisjonen i Oppdal. Leif Skorem er ordfører fram til 1951, han avløses av Knut H. Dørum.

I 1959 skiftet partiet navn fra Oppdal Bondeparti til Oppdal Senterparti. Fra 1959 og frem til 1982 hadde Senterpartiet ordfører vervet uavbrutt. Ordførere i denne perioden var:

Hallvard Bjørndal (1959 – 1964)

Ola P. Hoel (1965 – 1966)

Ola Erik Stugu (1967 – 1970)

Ola P. Hoel (1971 – 1974)

Erik A. Nerhoel (1975 – 1978)

Ola P. Hoel (1979 – 1982)

Oppdal Senterparti fikk på nytt ordføreren i Oppdal i 1992:

Ola Arne Aune (1992 – 1993)

John Egil Holden (1994 – 2003)

# **OPPDAL SENTERPARTI**

**1920-1990**

**EI POLITISK UTVIKLING I HISTORISK PERSPEKTIV**

**AV  
OLA P. HOEL  
STEIN DAHLEN**



**1990**

## DEI POLITISKE RØTENE

Det er ein lang utviklingsperiode i demokratiet vårt, frå einevaldkongar og embetsmenn hadde all styring, og fram til at makt og myndighet vart fordelt etter som dei politiske partia fekk oppslutning. Når ein skal ta for seg Senterpartiets historie, kan det vera verdt å sjå litt på det som giekk føre seg før det kom på valen.

I Oppdal tok det til med sokneselskapet i 1811. Dette laget sto tilslutta Selskabet for Norges Vel, og var sterkt oppteke av både kulturelt og næringspolitiske arbeid. Prost Cornelius Thomas Rønnau og seinare stortingsmann Ingebrigh Sæther var drivande krefter i starten og i det vidare arbeidet.

Oppdal Sogneselskab var i høg grad med og rusta opp folket i Oppdal til å dra nytte av dei rettane som Grunnlova av 1814 og formannskapslovene av 1837 opna til folkestyre. Sokneselskapet var ein god skole både for veljarane og for dei som vart valde til å styre og stelle i bygda. Medlemmene i sokneselskapet var for det meste bønder, og i kommunestyret var dei einerådande. Det giekk lang tid før det kom andre grupper som representantar for bygdesamfunnet. Embetsmennene, som hadde både posisjonar og privilegier frå einevaldstida, var konservative og bremsa på demokratiseringsprosessen så godt dei kunne. Dei var jamnt på vikande front.

I 1850-åra kom Marcus Thrane med arbeidarforeiningane som innleide den organiserte arbeidarrørsla her i landet. Desse laga kom ikkje så langt som til Oppdal. Her var det sokneselskapet som rådde grunnen og hadde brei oppslutning. Ein kan merke seg at både soknepresten og distriktslegen var medlemmer. Dei var riktignok begge gardbrukarar ved sida av embetet, og det var i grunnen lite sokneselskapet dreiv med for dei som ikkje var interesserte i jordbruk og bygdekultur.

Stortingsmann Sæther var ein av dei drivande kreftene i sokneselskapet, og det er interessant å merke seg kva han skrev om Marcus Thranes arbeidarforeiningar som han kjente frå opphold i Oslo og frå arbeid i Stortinget:

*Disse Foreninger der vist nok have beklageligen udskeiet på nogle Steder, have alligevel utvilsomt gjort megen Nyttie, og vil kunne gjøre utrolige Ting når de blive ordentlig ledede... Skulde der komme Agitatorer til Oppdal, hvilket vel ikke skeer så snart, så bør de mere forstandige strax træde Foreningerne og bidrage til at lede disse til et fornuftigt Mål, og slet ikke lade sig skrække om Læren synes at være noget drøi i demokratisk Retning; thi dette vil til, både for at lære Arbeiderne at tænke og for at vække de mere tænkende op af den politiske Døsigheid hvori vi have ligget, hvilket er så elskverdig for vores herskende Styrmænd.*

Det er klart at Sæther gjerne ville skynde på demokratiseringsprosessen. Arbeidarforeiningane kom ikkje så langt som til Oppdal i første omgang, men det gjorde bondevenn-foreiningane, som vart skipa av Søren Jaabæk frå 1865. Desse hadde eit program som giekk ut på å spare i statshushaldet, jamne ut klassekilnadene og kjempe mot embetsmannsstyret.

I 1868 vart det skipa foreining og vedteke lover for Folkeforeningen i Opdal. Stortingsmann Sæther var etter ein av pådrivarane, men han giekk inn for namnet «folkeforening» i staden for «bondevennforening» som var det opphavlege. Dette gjorde han sikkert for at laget skulle appellere til eit breiare lag av folket enn kva sokneselskapet hadde gjort. Hitfram så hadde både arbeidarar og husmenn stått utanfor, og som den framsynte mannen Sæther var, så såg han nok at alle måtte med om demokratiet skulle fungere.

Bondene var ofte med både i sokneselskapet og i Folkeforeningen, men ei ny gruppe, lærarane, sluttar opp om Folkeforeningen. Dei gjorde seg sterkt gjeldande, både med å ta opp politiske spørsmål og i leiainga av laget.

Først da parlamentarismen vart innført, vart dei politiske partia skipa. Venstre og Høgre var først ute. Høgre var eit parti av og for embetsmenn, byborgarar og ein del av dei mest konservative på bygdene. Venstre var ei blanding av arbeidfolk, bønder og ein del radikalarar frå byane. Her i Oppdal giekk Folkeforeningen inn i Venstre og heldt fram som politisk parti. Da statuttane for Opdal Venstreforening vart vedteke i 1883, var eitt av punkta at foreininga skulle slutte seg til Trøndernes Grundlovsforening. Dette verkar noko underleg, for da Opdals Grundlovsforening vart skipa i 1884, så viser lovene for laget at vi står overfor ei svært konservativ holdning:

§ 1. *Foreningen har til Formaal at virke for Bevarelsen af vor Grundlov og af Unionen med Sverige. Den vil derhos søge at fremme Udbredelse af sund politisk Oplysning.*

Dette viser kanskje berre at dei politiske partia var i oppstartinga og at grensene var uklare.

Venstre hadde sterkt tilslutning frå bøndene, men var i høg grad styrt av lærarar. Partiet hadde reint fleirtal i kommunestyret frå 1913 til 1922. Venstre hadde ordføraren frå 1896 til 1922 da Bondepartiet tok over. Da Høgre i 1913 forlangte forholdstalsval for ei liste med tittelen «De frisindedes og riks-målsmændenes liste», søkte Venstre samarbeid med fråhaldsfolket og møtte med «Venstre og avhaldsfolkets liste». Dette viser i grunnen kor store saker både målsak og fråhaldssak var den gongen.

## LANDMANDSFORBUNDET

Emigrasjon og industrialisering sist på 1800-talet gjorde at bøndene tapte terregn, og i 1896 vart Landmandsforbundet skipa for spesielt å ta hand om

primærnæringane sine interesser. I 1897 meldte Opdal Sogneselskab seg inn i Landmandsforbundet som ikkje tok direkte partipolitiske standpunkt, men som berre arbeidde med næringspolitikk. Dei stilte ikkje eigne vallister, men på lokallaga å arbeide for å få flest mogleg bønder og landbruksutdanna folk inn på Stortinget, både frå Venstre og Høgre. Ei av dei store sakene dei arbeidde for, var å få tollvern for landbruksprodukt. Korttollen sto det hard strid om. Vegbygging og betre skolar var også arbeidsoppgåver. Men det var eit langt sprang frå spørrepolitikk og den passive stat og fram til ein politikk med offentleg stønad og tollvern for jordbruket. Det var tronge tider og det giekk mot proteksjonistiske krav både frå jordbruk og frå industri.

Landmandsforbundet gjorde mange forsøk på å få i stand tverrpolitiske grupper i Stortinget for å ivareta bøndene sine interesser. Dette vart det lite effekt av, for det hadde alltid lett for å kolidere med andre saker som partia skulle målbera. Det såg ut til at det beste for bygdene og landbruket no var at bøndene opent giekk inn for ei bondereising på politisk grunnlag og. Dei faglege og økonomiske organisasjonane var komme i siget, og i Landmandsforbundet var det sterke grupper som mante til politisk samling. Lokalavisa Fjellposten hadde ei rekke innlegg om korttoll, og eit innlegg konkluderte slik: «Bøndene tar saken i egen hånd og sender på porten alle de skolelærere, sersjanter og andre statsfunksjonærer som vil være deres formyndere.»

Ved stortingsvalet i 1918 stilte Landmandsforbundet liste i enkelte fylke og fekk inn 3 representantar, og i 1920 gjorde landsmøtet i Landmandsforbundet vedtak om å stille lister ved neste stortingsval (331 mot 25 røyster). Ved valet fekk dei god oppslutning på Aust-, Sør- og Vestlandet og i Trøndelag. Svakeste distrikta var Oslo-området og Nord-Noreg. Ingebrigt Huus frå Singsås vart første tingmannen frå Sør-Trøndelag. Samla for heile landet fekk Landmandsforbundet 20 prosent av røystene og 17 tingmenn.

## PARTIPROFILERINGA VEKS FRAM

Da dei politiske frontane hardna til og bøndene giekk i forsvarsposisjon for sine interesser, må ein sjå det ut frå at det hadde gått føre seg ein lang mogningsprosess. Bøndene såg jordbruket som ei forsømt næring som det låg sterke samfunnsinteresser i å ta vare på og halde oppe. Det var misnøye med jordbrukspolitikken både frå Høgre og Venstre. Arbeidarpartiet og LO var komme på arenaen med full tyngde for arbeidarklassen sine interesser. Industrialisering, arbeidarrørsle, spekulasjon og jobbetid førte mange ting med seg som gjorde at bondesamfunnet følte seg truga. Det kom sterkt prisfall på jordbruksprodukt. Utbetinga til produsent for mjølk kom ned i 7-8 øre literen og jamvel med dette lågmålet på pris var det vanskeleg å finne avsetning for produkta. Her i Oppdal hadde vi hatt anleggstida på Dovrebanen som kom med mykje nytt på mange måtar. Anleggsfolket sloss for sine krav og interes-

ser med streik og demonstrasjonar der dei mest høgrøysta gjekk inn for klassekamp og revolusjon. «Det brukne gevær» på jakkeslaget og truslar om å opprette rauda gardar var nyc og ukjende tonar. I 1924 hadde Oppdal Arbeidarparti 17. maifest ved Ålma, der dei brukte berre rauda flagg. Dette vart kritisert i lokalavisa Opdølen, og i eit tilsvart til kritikken skriv ein Ole Olsen millom anna: «Der hvor revolusjonssmitten har satt seg fast, må partiet dræps før smitten kan utryddes. Men hvorvidt revolusjonen skal bli blodig eller ikke står til borgerskapets avgjørelse.»

Dette var det politiske klimaet først i 20-åra. Det var langt fram til noko samarbeid mellom bonde og arbeidar, men bonden såg nok og fram til ei samfunnsmessig sterkare styring i økonomien og til sterkare reguleringar og meir dirigerte prisar. Dette låg også i målsettingane for dei økonomiske organisasjonane som no var komne i gang.

Til kommunevalet i 1922 tok Landmandsforbundet namnet Bondepartiet. Fylkestyret hadde gjort dette vedtaket: «Bondepartiet stiller egne lister hvor bygdestyrne anser det formålstjenlig. Det må ikke forekomme lister som f. eks. Høire og Bondepartiets liste, eller Venstre og Bondepartiets liste.» Partiet hadde henta både leiara og veljara både frå Høgre og Venstre, men no galdt det å markere ein eigen profil.

#### NYTT PARTI OG NYE UTFORDRINGAR

I Oppdal var Torvald Kolstad ein aktiv pådrivar i det nye partiet. Han var mellom anna landstyremedlem i Landmandsforbundet, og da Sør-Trøndelag Bondeparti vart skipa i 1921, var det Torvald Kolstad som var møtestyrar i det første møtet. I Oppdal vart Bondeparti-lista godt motteken. Ho fekk 13 av 24 representantar i kommunestyret. Av desse tok partiet 5 frå Venstre og 8 frå «Frinsindedes og Høires liste». Dei første kommunestyrerepresentantane frå Bondepartiet vart:

Sivert H. Sæther, ordførar  
Ole J. Asphaug, varaordførar  
Andreas Loe  
Knut H. Rolvsjord  
Rasmus Bøe  
Ole H. Vognild  
Gunder Løkken  
Anders Høel  
Lars Storli  
Hans Storindset  
Tore Viken  
Harald Bøyen  
Martin Lien



Sivert H. Sæther, ordf. 1922-25.

Venstre fekk 8 representantar, Arbeidarpartiet 2 og Avholdspartiet 1 representant.

Da Bondepartiet møtte i kommunestyret for første gong i 1922, hadde dei Sivert H. Sæther som ordførar og eit reitt fleirtal bak seg. Tida som låg framom, hadde både store moglegheiter og store utfordringar.

Dovrebanen vart opna i 1921 og førte på mange måtar med seg ei ny tid og optimisme. Jernbanen skapte eit trafikkknutepunkt med Oppdal stasjon. Det var alt planlegging i gang om jernbane frå Oppdal til Sunndalsøra og vidare til Molde. Det var sterkt tru på at jernbanen var framtida sitt kommunikasjonsmiddel, og det låg godt til rette for ein stasjonsby rundt Oppdal stasjon.

Det er klart at alle såg ikkje like positivt på ei slik utvikling. Når noko nytt skal få vokster, vil det som oftaast gå ut over det allereie etablerte og møte motstand derifrå. Midtbygda, som før hadde hatt mange sentrale funksjonar både når det galdt handel og administrasjon, hadde nok ein otte for å tape terreng, men det førte ikkje til store konfrontasjonar. Søknader om bevilling til nye kafear rundt stasjonen møtte ingen motbør, og det ser ut som at jernbanen var ein så sterk faktor i utviklinga at jernbanebyen var grunnlagt. Det vart ingen politisk strid om den saka. Det gjorde nok sitt at bygda da hadde ein mann som Sivert H. Sæther som ordførar. Han var romsleg og framtidsett. Geografisk var han godt plassert på Sesshaugen, og hadde stor tillit.

Trafikken gjennom bygda hadde alltid vore stor, og reiselivet var ein del av kvarldagen. Det var i alt 8 skysstasjonar innan Oppdal, men trafikken på desse minka sterkt da Rørosbanen vart opna. Det var nok framleis ein del turisttrafikk, og når Oppdal no fekk jernbane og det skulle byggast turist-

hotell i samband med denne, såg oppdalingane svært optimistisk på å få oppsving av turismen. Så langt var det einigheit. Men det var ein ting som skapte stor strid i kommunestyret, og som verkeleg prega bygdepolitikken i tida etter at Bondepartiet kom til makt, nemlig bevilling for sal av øl og vin til det nye hotellet. Den første søknaden som gikk ut på skjenking i ei restaurantavdeling på stasjonen før hotellelet var bygd, møtte eit samrøystes avslag. Søknaden kom att saman med ei sterkt oppmoding frå Foreningen for reiselivet. Distriktsjefen for jernbanen og direktøren for Spisevognselskapet var til stades og la fram saka saman med ei utgreiing om planane for bygging av turisthotell. Søknaden vart imøtekommen med 17 mot 5 røyster.

Det vart mange bataljar om skjenking i tida framover. To gonger vart løye gjeve med ordføraren si dobbelstemmme, og det skifta mellom avslag og løye med ei stemme i overvekt. Det var vanleg med namneopprop og røystene vart nedskrivne i protokollen. Venstre og Arbeidarpartiet gjekk som regel imot alle skjenkeløyve. Bondepartiet var meir liberalt. Det kunne skifte med oppmøtet. Det var nok arbeidsplassane ved hotellelet og den vidare utbygginga av turismen som opna dei kranene som vart opna.

Fra Norsk Spisevognselskap ½ var det verkeleg sterkt satsing. Hotellet var i absolutt toppklasse, og det vart igangsett curlingbane på Kullsjøen og bobsleighbane på Bjørndalsjordet. Olaf Skaslien, som var byggeleiari for NSB, var til Sverige for å sjå korleis dei bygde ut for vintersporten der i 1924. Han vitja da Åre, og i eit intervju med Opdølen fortel han at i Åre-veka som begynte den 7. mars, var alle hotella fullteikna og dei venta 1000 gjester. I Åre hadde Skaslien også fått oppleva både bergbane, bobsleigh og curling. Bergbanen drog opp både gjester, kjelkar og bobsleigh, og så vel opptr som nedtur var ein attraksjon. Skaslien meiner at Opdal så absolutt har moglegheiter for å hevde seg som vintersportsstad.

I 1922 vart det søkt om å få apotek til Opdal. Søknaden vart begrunna med at Opdal låg sentralt til for nabokommunar og at staden var i vekst. Opdal var òg med og konkurrerte om landsgymnaset som kom til Follo. Frå grunneigarane rundt stasjonen kom det krav om at området måtte regulerast. Det var spesielt peika på omsynet til vatn, kloakk og brannstoll, og dei skreiv om «den vordende bys utseende». Dette kravet vart møtt med ei vurdering av sentrumsområdet som eigen bygningskommune. Dette ville ha ført til at området som vart utbygd, måtte ha teke kostnaden sjølv. Om det var dette eller om det var konjunkturane som endra seg for fort som var årsaka, er ikkje godt å seia. Saka sovna og kom ikkje opp att på ca. 30 år.

### KRISEPOLITIKK I MELLOMKRIGSÅRA

Optimismen og den store entusiasmen avtok. Andre halvdel av 1920-åra og første del av 30-åra vart ei krisetid som tok knekken på mange. Dei bygdene som hadde investert stort for lånande pengar under høgkonjunkturen, fekk opp-



*Esten K. Gorseth, ordf. 1925-28,  
1937-40, frå freden 1945 til 20.  
august 1945.*



*O. O. Stuen, ordf. 1928-31.*

leva gjeldskrise og tvangstiltak både i privat og kommunal økonomi. Her i Opdal gjekk det bra. Det vart stort forsiktig og oppdalsbonden hadde ein gammal nedarva redsel for å bruke pengane før dei var opptent. Derfor gjekk kanskje ikkje utviklinga så fort her som sume andre stader, men så skapte heller ikkje nedgangstida så store vanskar.

På spørsmål fra inspektøren for Noregs offentlege arbeidsformidling om situasjonen på arbeidsmarknaden i 1918, svarar den kommunale arbeidsledighetskomiteen: «Da ingen industriell virksomhet forefinnes i bygden kan neppe noen arbeidsledighet befryktes.» Så enkelt vart det likevel ikkje. Arbeidsløse vart det her som andre stader, og det var ei hard tid for både bønder og arbeidsfolk. Mange bygder opplevde nedgangstida med gjeldskrise og tvangsauskjønar, og det var ikkje uvanleg at kommunar vart sett under offentleg administrasjon. Bondepartiet, som hadde makt i Opdal, køyde hardt på sparepolitikken og sleit seg gjennom det etter gamle Jaabeks oppskrift, med sparsomheit i det offentlege og krav om å stille munn etter matsekken.

Likevel var det ikkje så lite dei fekk utretta. I desse trongaste åra vart det oppkjøpt areal til sentrumsfunksjonar. Det vart brukt kommunal forkjøpsrett til innkjøp av fjellareal i Grytdalen. Det vart kjøpt tomt og bygd ny doktorbustad ved Fjellvang, og det vart bygd ny skole på Drivstua og nytt skolebygg på Haugen. Det siste var eit stort løft, det kosta omrent det same som eitt års skolebudsjett for heile bygda eller ca. 1/3 av eitt års skatteinngang.

Partiarbeidet i mellomkrigsåra var strevsamt med trond økonomi og store plikter for dei tillitsvalde. Det var strenge pålegg med husagitasjon og pengeinnsamlinger føre kvart val. Det var ikkje skrivne medlemmer og medlems-

kontingent før i 1935. Da vart det gjort vedtak om å gå over til faste medlemmer med ein kontingen på kr 1,- pr år og høve til ekstra bidrag i valår. Vedtaket avsluttar med: «Bidrag kan også ytes i naturalia.» Dette seier nok litt om tilgangen på kontantar i bondesamfunnet.

Det går som ein raud tråd gjennom alt partiet tek føre seg i mellomkrigstida, at dei ansvarlege har ein skrekke for å samarbeide med venstresida. Dette var nok eit kompleks som sat att etter dei revolusjonære idéane som heldt på å få overtaket i arbeidarpørsla i 1920-åra. Men i 30-åra var både arbeidar og bonde i same båt, og i den aller verste krisa vart det samarbeid om gieldmekling og lånekasse for jordbruket, og mange vart bera frå å gå frå gard og grunn. Det er referert frå ein av leiarane i Bondepartiet: «Vil ikke de borgerlige partier være med og stanse proletariseringen og utarmingen av våre landsbygder, så får Bondepartiet soke nye allierte.» Men dette var ikkje nokon lett bodskap å bera fram.

I Oppdal hadde Bondepartiet jamnt gode val fram til 1934. Da miste partiet 2 representantar til Arbeidarpartiet, som da hadde eit svært godt val overalt. Arbeidarpartiet fekk inn 7 representantar i kommunestyret i Oppdal.

Når det galdt tiltak for å skaffe arbeid til folk, så ser det ut som at det var bureising, skogdrift og turisme politikarane hadde tru på. Steinindustrien, som da var ny og truleg hadde trong til kommunal stønad i den første fasen, var dei svært negative til. Arbeidarpartiet fremja nokre forslag om garantiar til skiferdrift utan å få støtte. Det var den gamle medisinen med å spare seg gjennom problemet som var sett på som den sikraste, og kanskje òg var det.

Midt i 30-åra vart det ein snuad. Den 1. juli 1936 vart det sett av eit fond, Oppdal kommunes bygge- og reguléringsfond. Same året var det ei teljing av alle bedrifter innanfor industri, handel og handverk. Ein fann ut at det var 108 verksamder i bygda. I 1937 vart første tiltaksnemnda valt med 2 frå Arbeidarpartiet, 2 frå Bondepartiet og 1 frå Venstre. Øyvind Hoel var formann. Noko seinare fekk nemndna løvt kr 1500,- for å undersøke grunnlaget for nye taksteinsbrot i Gissingerdalen. Det vart løvt pengar til mange veganlegg. Det viktigaste var kanskje Skarvegen som var med og gjorde livet lettare på Nerskogen.

I Oppdal heldt Bondepartiet stillinga med 11 representantar ved valet i 1937, men det gjekk ikkje så godt på landsplanet. I 1936 miste Bondepartiet 3 representantar på Stortinget og gjekk i det heile inn i ein vanskeleg periode. Knut Haage skriv om Bondepartiet i tida fram mot 1940 at det leid av det same fenomenet som er nemnt i *Kongsspegele*, og som der er kalla «uår på menn». Det var ikkje så lett å fylle plassen etter slike som Johan E. Melbye og Peder Kolstad. Dei største vanskane for Bondepartiet vart nok skapt etter at Mowinckels regjering fall i 1931 og Bondepartiet fekk i oppdrag å overta. Det var da vi fekk det tragiske kapitlet med Vidkun Quisling som forsvarsminister. Det var eit ulykkeleg val, for det sto mellom Quisling og den seinare så kjende Otto Ruge. Det har vore hevd at grunnen til at Quisling fekk taburetten, var det hjelpearbeidet han hadde vore med på i Russland



P. O. Haugseth, ordf. 1931-37.

saman med Fridtjov Nansen. Quisling laga store problem for Bondepartiet i den tida regjeringa var i funksjon, sjølv om ho ikkje sat lenger enn til i februar 1932 da ho fall på eit altfor svakt og negativt budsjett. Ikke lenge etter lanserte Quisling sitt eige parti, Nasjonal Samling, og skulle såleis vera ute av Bondepartiet. Men partiet fekk slike med ein negativ langtidsverknad som var vond å vente. Quisling var god å ty til når politiske moststandarar skulle sveverte Bondepartiet. Den store nedgangen for partiet både ved valet i 1936 og seinare i 1945 kan nok i stor mon skrivast på det fatale valet av forsvarsminister i 1931. Det var andre som heller heldt mål når det galdt nasjonal haldning da tyskarane kom, men det var det òg i andre parti. Det tolest ikkje store «uår på menn» i eit politisk parti før det får følgjer som kan merkast lenge.

#### PRESSEDISKUSJON

Allereie frå starten såg bondepartipolitikarane verdien av å ha eiga presse. I Trøndelag vart det starta opp med Nasjonalbladet, og grendamennene fekk i oppdrag å tingje bort abonnement. Like eins skulle dei samle inn pengar til val- og partiarbeid. Det kan nemnast at Oppdal fekk i oppdrag å skaffe kr 500,- i 1926. Styret tok ei fordeling på grendene og resten var grendamennene si sak. Når det var valår, hadde partiet ei avis som heitte *Arbeidslivet*, og i 1930 vart det samla inn pengar til 265 abonnement på denne. Allereie i 1932 kom Nasjonalbladet i økonomiske vanskår. Det ført til at dei ansvarlege måtte soke samarbeid med ei av ei andre trondheimsavisene, Nidaros, som var Venstres organ, eller *Adresseavisen* som var høgreavis. Det var dette

meiningar i fylkespartiet. Ein valt bladkomité gjekk inn for Nidaros, men fylkesstyrets arbeidsutval gjekk inn for Adresseavisen. Bygdestyret i Oppdal fekk tilsendt avtaleutkast frå begge. Styret uttaler at det kan vera ein fordel med utkastet frå Nidaros når det gjeld redaktøren, men vidare heiter det: «Det kan allikevel ikke betinge et samarbeid med Nidaros som systematisk har arbeidet mot Bondepartiet heil siden det ble stiftet, og som i ikke ringe grad har skyld i Nasjonalbladets skjebne.» Det ser ut til at når partiet ikkje kan stå på eigne bein, så vil det heller stø seg til Høgre enn til Venstre. Resultatet vart eit samarbeid med Adresseavisen fram til krigen kom.

### ETTERKRIGSPROBLEM OG GRYANDE PARTIVOKSTER

Da Bondepartiet i Oppdal tok opp att arbeidet etter krigen, var dei fleste av dei som var med og drog i gang partiet borte. Sivert H. Seither og Torvald Kolstad er ikkje lenger med i fremste linje. Av veteranane finn vi at Ole O. Vammervold, som sat i styret frå 1927, og Knut H. Dørum, som var formann i styret frå 1931. Elles kom det nye folk. Formann vart Leif Skorem. I 1945 gjekk Lønsman saman med Oppdal og det vart eitt lag i bygda. Styret vart utvida til 7 mann. Dei nye vart Ole Nyseter, Halvard Bjørndal, Erik Gissinger og Erik O. Loe. Dei starta opp friskt. Framom stortingsvalet i 1945 vart det halde 2 foredragsmøte, eitt med generalsekreter Holten som talar og eitt med stortingsmann Nils Treadal. Ved stortingsvalet fekk Bondepartiet 8003 stemmer i Sør-Trøndelag og sikra Nils Treadal plass på tinget. Men diverse, Treadal vart ingen gamal mann, allereie i 1949 døydde han etter eit ulykkes-tilfelle.

Ved kommunevaleta i 1945 fekk Bondepartiet 7 representantar i kommunestyret. Det mista 4. No var Kristelig Folkeparti koment på valen og forsynte seg med 3, samstundes som Arbeidpartiet gjekk fram med 2. Venstre mista 1 representant.

Oppdal slapp relativt bra frå krigen, men likevel var det mykje som låg nede, og det var store oppgåver å ta fatt på etter 5 år med okkupasjon. Gjenreising og fellesskap skulle styrkast med tverrpolitisk samarbeid. Ola I. Aalbu frå Venstre vart vald til ordførar og Johannes Røtvei frå Arbeidpartiet til varaordførar.

Gjenreisningsarbeidet etter krigen samla både folket og partia om ei kjempeoppgåve. Det vart ein god periode i landet si historie når det galdt samarbeid om store oppgåver. Det første politiske programmet som vart presentert, var eit fellesprogram som alle partia slutta seg til. Den første regjeringa var ei samlingsregjering med Einar Gerhardsen som statsminister og med fleirtal frå Arbeidpartiet. Valet i 1945 var ein stor siger for sosialismen, med 76 representantar for Arbeidpartiet og heile 11 for kommunistane. Dei borgarlege partia gjekk tilbake. Bondepartiet sat att med 10 represen-

tantar, dei fleste nye. Nils Treadal frå Sør-Trøndelag hadde vore med frå 1937, og han vart parlamentarisk leiar og formann i partiet. Jon Leirfall kom no inn for første gong. Desse var med og la eit godt grunnlag for å få partiet opp frå den båredalen som Quisling, Hundseid og andre nazisympatisørar hadde trekt det ned i.

Det var mangt som skulle granskast og gjerast opp dessे første åra. Det var ikkje alle som heldt mål da tyskarane kom i 1940. Det trøngst gransking, og vi fekk eit landssvikoppkjør som det tok domstolane mange år å gjennomføre. Men det var ikkje berre landssvikarane som trøng gransking. Ansvaret for at landet var så lite førebudd da tyskarane gjekk til åtak den 9. april 1940, låg tungt på Arbeidpartiet. Dette var òg eit spørsmål for granskingskommisjonen som var oppnevnt i 1945. Denne kommisjonen skulle som det heitte: «undersøke Stortingets, Regjeringens, Høyesteretts og Administrasjonsrådets og sivile og militære myndigheters forhold før og etter 9. april 1940.»

Granskingskommisjonen la fram innstillinga si i 1948, der det kom kritikk av regjeringa Nygaardsvold sine forhold i tida før 9. april 1940. Det vart ein langvarig debatt i Stortinget om innstillinga. Han varte i 5 dagar. Debatten enda ikkje opp i nokor offentleg titale, men kritikken vart ståande. Carl J. Hambro hadde eit avsluttande innlegg som kunne vera ein god konklusjon over mangt i denne tida. Det enda slik: «De gjorde det så godt som de kunne. Deri ligg deres forsvar. Deri ligg også deres dom.»

Det måtte lagast fleire mellombels lover for å sikre gjenreising av alt som låg nede, og med mangel på nær sagt alt vart det viktig å regulere. «Lov om prisregulering og annen regulering av ivervsmessig virksomhet» vart vedteken av Stortinget. Med regulering av løner og prisar vart det ei stor oppgåve for Bondepartiet å passe på at jordbruket fekk prisar som sto i samsvar med løner og produksjonskostnader. Fellesprogrammet, som alle parti hadde sluttat seg til i juni 1945, slo fast at jordbruket skulle ha økonomisk jamstelling med andre næringer. Det vart fort klart at det vart Bondepartiet som måtte passe på at dette ikkje vart gjøymt. Vi kom ikkje lenger enn til 1947 før striden om jordbruksprisane kveste seg til slik at det vart brot mellom Norges Bondelag og riksstyret i dette spørsmålet. Saka gjekk til Stortinget som slo fast at lovnaðen til jordbruket i Fellesprogrammet skulle innfriast. Det viste seg gong på gong at Bondepartiet måtte vera vakthund om bygdene sine interesser. I 1949 gjekk partiet til val med mottoet: «Til vern og trygd om heim og bygd». Vi gjekk no inn i ein periode med jamn vekst for Bondepartiet.

### 50-ÅRA MED SENTRALISERING OG NYTT PARTINAMN

Framgang, vokster og framtidsoptimisme prega 50-åra. Det tradisjonsbunde jordbruket med mykje tungarbeid og altsidig produksjon på kvar gard

vart avløyst av maskindrift, spesialisering og effektivitetsmålsetting. Dette var resultatet av ei stort utvikling der det høyde med at bygdene skulle forsyne byar og industrisentra med arbeidskraft. Rundt om i landet sat bøndene att som spesialprodusentar, kornbønder, mjølkebønder, saubønder osv. Prisen for det nye velstandssamfunnet vart i mange høve nedlagde bruk, fråflytting og sentralisering. Eit bruk måtte vera såkalt «bærekraftig» for å kunne hamle opp økonomisk med ny og kostbar teknikk, men etter som teknikken vart betre og produksjonen auka, vart òg grensene for definisjonen av «bærekraftig» fløtt. Mange bruk vart etter kvart ulønsame og drifta vart oppgjeven. Flukta frå primærnæringane skaut fart.

Oppdal markerte seg i 50-åra med å vidareutvikle satsinga på reiselivet. Dette dempa nok på utflyttinga herifrå til meir industrialiserte strok i landet, men vi fekk ei lokal fråflytting frå utkantane i kommunen og inn til sentrumsområdet ved jernbanestasjonen. I 1950 budde 885 oppdalingar i sentrum, etter det Ola Svein Stugu skriv i heftet, *Oppdal frå sjøbergingstid til moderne tid*. I dag er dette talet kome opp i 3000.

Arbeidarpartiet sat med stortingsfleitalet og regjeringsmakta i ein lang etterkrigsperiode. Heile folket var samd i at landet skulle byggjast opp att, og at vi måtte få trygge og gode arbeidsplassar. Usemjje vart det først når verke midla for å nå målet vart avdekta og konsekvensane smått om senn synte seg. Bondepartiet la vekt på ei meir balansert utvikling i forholdet mellom by og land, slik at ikkje bygdene skulle bli den store taparen i arbeidet for velstandet i landet.

For å få til ein samstemt politikk var det naturlegvis nødvendig med partidisplin på alle plan. Lokalt legg vi merke til at Oppdal Bondeparti både i 1950 og i 1953 gjer vedtak om at heradsstyremedlemmene må velja seg ein gruppeleiar og stå meir samla i ein del einskiðsaker. Fylkespartiet har framlegg om skipping av bygderåd, noko som understrekar kvar dei politiske frontlinene gjekk. Saka var oppre i lokalpartiet utan at ein kan sjå at det vart teke noko initiativ for å få til ein bygdeopposisjon.

Oppdal Høireforening kom i 1951 med invitasjon om fellesliste ved valet. Dette vart avsløye. Venstre og Kristeleg Folkeparti ville òg ha valsamarbeid. Eit fleirtal i Bondepartiet ville ha samarbeid med desse to partia, men ikkje om valet.

Saknet av eige presseorgan var alltid til stades. Det vart arbeidd for oppslutning om bladet *Trøndelag*. Lokalpartiet teikna etter oppmoding frå fylkespartiet 2 aksjar, men bladsaka var neppe ute av verda med det.

Økonomien er stadig tema i partiprotokollen. Kontingentinkrevinga ser ut til å ha vore treg i fleire år. Likare ser det ikkje ut til å vera i fylkespartiet heller. I 1957 gjer Oppdal Bondeparti vedtak om å sende brev til fylkespartiet for å by fram kr 1000,- som forsot på kontingen. Elles tillét økonomien lokalt at dei som køyrd folk på valdagene i 1956, skulle få godtgjersle.

Den store saka i partiet mot slutten av 50-åra er spørsmålet om namnebyte. Initiativet for å byte ut namnet Bondepartiet vart alt teke i 1952. Jon Leirfall



Leif Skorem, ordf. 1947-51.



Knut H. Dørum, ordf. 1951-59.

var formann i ein komité som førté saka vidare, men komitéen makta ikkje å koma fram til ei samla innstilling. Eit fleirtal ville byte ut «Bonde-» med «Bygde-», men det vart nedstemt i lokallaga. I Oppdal var ein ikkje overtydd om at det låg nokon vinst i eit namnebyte. Årsmøtet 12. februar 1955 sa samrgytes *nei* til å endre namn. Dersom det likevel skulle bli eit nytt namn, vart det på same møtet røysta over ymse forslag: «Det Norske Folkeparti» (9 røyster), «Bygdefolkets parti» (7 røyster), «Bygdepartiet» (4 røyster) og «Bygdefolket» (1 røyst).

Årsaka til ønsket om namnebyte låg på fleire plan. Partiet hadde utvikla seg og hadde synspunkt og interesser ut over dei næringsmessige. Dei politiske leiarane ville gjerne sjå Bondepartiet som eit liberalt sentrumsparti med sterre appell til folk i byar og tettgrender. Det låg også eit ønske i tida om ei sterke sentrumsmarkering i politikken. Bent Røiseland i Venstre arbeidde mellom anna hardt for å få til eit organisert sentrumssamarbeid utan å ha den fulle støtten for det i sitt eige parti. Eit sentrumsparti med breiare veljarappell enn det gamle Bondepartiet ville kunne vera meir samlande politisk for alle sentrumskrefte, og av den grunn få indirekte vinning om eit organisert partisamarbeid kom i stand.

Argumentasjonen for og imot dei ymse namnealternativa er interessant. Den syner kva partifolk meiner om partiet si oppgåve i norsk politikk, om utvikling og ambisjonar. Kampen mot skolesentralisering og all nedbygging av lokalsamfunna var noko som vedkom bygdene, og derfor følte så mange for førsteleddet med «bygd» i partinamnet. Viktig for det endelege utfallet vart nok at det svenske Bondeforbundet i 1957 skifta namn til Centerpartiet.

Framstavinga senter/sentrum signaliserte ei plassering i det politiske landskapet.

Stemninga for namnebyte hadde endra seg i Oppdal da saka kom opp på årsmøtet i januar 1959. Berre ein av 29 frammøtte var imot nytt partinamn. Møtet kom med følgjande namneforslag: «Senterpartiet», «Borgerpartiet» og «Framtidspartiet».

På landsmøte i 1959 kom namnespørsmålet opp i full breidde. Debatten vart lang og hard, og delegatane var til slutt så utkøyrd, etter det Karen Grønn Hagen fortel, at dei kunne godta det meste. Ved avryöstinga vart det nye namnet Norsk Folkestyreparti (Demokratene). Dette vart eit mistak. Eit ekstraordinært innkalt landsmøte seinare same året bestemte at namnet skulle vera Senterpartiet. Norsk Folkestyreparti ville ha hatt god meining i Oppdal der vi kan følge dei demokratiske utviklingslinene heilt frå sokneskaps tidleg i førre århundret.

## BLØMINGSÅR

Med namnebytet kom det meir kraft i arbeidet for sentrumssamarbeid frå Senterpartiet si side. Vi fekk eit felles opplegg i trontale- og finansdebattane både i 1959 og 1960, men ei felles erklæring med mellom anna plan for omfattande listesamarbeid før valet i 1961 gjekk det heller skralt med. Eit visst samarbeid med Venstre i 5 fylke vart det trass i alt. Trongen etter å markere eigen identitet vart for sterk i partia. Her i bygda vart det òg teke initiativ for å få til sentrumssamarbeid, men etter det protokollane fortel, stranda utspela på motarbeidande krefter i Venstre.

Regjeringskrisa etter Kings Bay-ulykka i 1963 synt likevel noko nytt i det parlamentariske biletet: Dei ikkje-sosialistiske partia skapa ei koalisjonsregjering. Dette signaliserte eit politisk tidsskifte. Det fanst eit ikkje-sosialistisk regjeringsalternativ i Noreg.

Forholdet vårt til EEC (EF) kom opp tidleg på 60-taet. I spørsmåla om kva slags retning vi skulle velja i denne saka, kom Senterpartiet til å spela ei sentral rolle. Den desentralistiske profilen vart stadig klarare og meir fast uthøggen. Ikke berre EEC-diskusjonen, men òg motstanden mot Gerhardsen sin idé om store regionale vektsentra synte grunndraget i ein folkestyrepolitikk som Senterpartiet sto som eksponent for. Folk skulle koplast inn i ansvarsposisjonar, ikkje ut av dei. Senterpartiet var i framgang.

På eit møte 9. februar 1962 i Oppdal inndeidde fylkesformann Johan Syrstad til debatt om EEC-saka. Av dei frammøtte medlemmene den gongen var langt dei fleste for assosieringsavtale. Berre ein røysta for medlemskap og ein imot.

Saknet av eige presseorgan kunne av og til vera stort. For å bøte noko på dette vart tanken om sprenging av senterpartipolitikk på festlege samkomer



Halvard Bjørndal, ordf. 1959-65.



Ola P. Hoel, ordf. 1965-67,  
1971-75, 1979-83.

drøfta. Ei aktivitetsnemnd fekk det heile ut i praksis, og innteiinga på ein særmerkt 10-årsperiode for Senterpartiet i Oppdal vart gjort. Tilstelningar på Lønset og Midtbygda fekk god oppslutning. Same året (1962) vart det arrangert sommarstemme i Gjevilvassdalen med variert program. Nye sommarstemme kom i dei følgjande åra, og møtestad var Storlidalen, Drivdalen, Gisnadalen, Midtbygda, Bøaseter, og det siste i 1970 fann stad i Gjevilvassdalen. I tillegg til desse sommarstemna vart det i perioden 1965-1969 halde fest 1. mai med sentrale rikspolitikarar.

Desse samkomene fylte både sosiale og politiske behov, og truleg var dette møteopplegget godt eigna for si tid. Folk møtte i alle fall mannjamt opp, ofte i overkant av 200.

Den politiske medvinden var jamm i 60-åra. Medlemstalet auka jamt og trutt, og frå 1965 fekk vi Per Borten som statsminister. Lokal knoppskyting fekk vi med Senterungdommen og Senterkvinnene som nye organisasjonar i 1964. Rett nok hadde vi hatt BUF (Bygdefolkets ungdomsfylking) i Oppdal først i 50-åra, men aktiviteten her vart borte. Eit godt arbeid da som nå gjorde grendemennene/-kvinnene, og like eins valarbeidarane. I 1961 delegerete partiet ein del av ansvaret for valkampen til oppnemnde krinsformenn, noko som fungerte godt. Valmaskina var velsmurd. I 1963 vart det for første gong lagt fram eit godt utarbeidd lokalt valprogram. I 1966 heldt Senterkvinnene sitt landsmøte i Oppdal, noko som kan tyde på at Senterpartiet og ikkje minst Senterkvinnene i bygda arbeidde godt sett i landssamanhang.

Ekte grasrotengasjement finst det òg prov på i denne tidbolken. I 1967 vart det arrangert eit partimøte med tittelen: «Senterpartiets kommunestyre-

representanter på tiltalebenken.» Medlemmene spurde om mangt og mykje, til dels vanskelege saker (generalplan, skolebygg, informasjon osv), og dei frammøtte gav ros og ris. Ein lærerik og nyttig kveld for alle partar, heitte det i oppsummeringa frå møtet.

Blant sakene som skapte debatt i bygda på denne tida, var mellom anna heradshus-saka, som gjekk ut på om ein skulle bygge eller leige husrom for kommunale behov, skolesentralisering, tilrettelegging av industriområde med bruar over jernbanen og framtida for den kommunale maskinstasjonen (sal i 1969).

Det statsminister frå Senterpartiet vart slutten av 60-åra ei spennande og interessant tid for senterpartiveljarane. Tilreisande partipolitikarar gav oppdalingane glimt inn i virderingar og taktikk i Storting og regjering. Distrikts-politikken var viktig, og etter kvart stoppa fråflytinga frå distrikta. Verre var det å einast om EEC-saka som kom att for fullt etter at Nordøk-for-handlingane braut saman i februar 1970.

Det var på nyt levert inn søknad om medlemskap i fellesmarknaden. Reservasjonane for norsk tilpassing slik dei kom fram i stortingsmeldinga om marknadsspørsmålet, var svært omfattande etter krav frå Senterpartiet. Da dette etter kvart gjekk opp for EEC-tilhengjarane, braut diskusjonen laus for alvor. Hovudargumentet mot senterpartipolitikarane var at dei i regjeringa var for forhandlingar, men at det dei i forholdet til EEC ville ha brot, for reservasjonane til medlemskap var i seg sjølv ekskluderande, meinte mange EEC-tilhengjarar.

### REGGERINGSFALL OG POLITISKE STORMAR

Motsetningane i Borten-regjeringa vart klarare og krassare på haustparten i 1970, og da brotet kom i februar 1971, var det vel eigentleg berre resultatet av at Bortens sprikjande staubør ikkje var til å bera lenger. Sluttspellet vart blåse opp omkring ei samtale som Borten hadde hatt med leiaren for «Folkebevegelsen mot EEC», Arne Haugestad. Borten hadde gjeve Haugestad innsyn i eit internt dokument, noko han som statsminister var i sin fulle rett til. Det vart likevel eit høveleg påskott til å løyse opp Borten-regjeringa. Referata og kommentarane til det som hendte, var svært så ulike i dei forskjellige presseorganana. Kva som var sant og ikkje, var det vanskeleg å ta standpunkt til.

Koriktig det er å vera til stades der ting skjer og få informasjon direkte, fekk medlemmene i Oppdal Senterparti understreka da Olina Storsand gav sin versjon av regjeringskrisa i 1971 på eit møte på Driva Kro på vårvarten. «Opplysningsene som kom fram avvek på enkelte punkter vesentlig fra ting som ble sagt og skrevet fra annet hold,» heiter det i årsmeldinga frå 1970-71.

Kommunevalet i 1971 var imøtesett med ei viss spenning etter tumultane som nys hadde vore. Senterpartiet heldt likevel stillinga - truleg på grunn av



Ola Erik Stugu, ordf. 1967-71.



Erik Nerhoel, ordf. 1975-79.

eit klart nei-standpunkt i marknadsspørsmålet. Brotet i regjeringsamarbeidet gav frie taumar både i og utanfor Stortinget. Den 23. august 1971 vart det halde eit stor EF-møte i Oppdal. Statsråd Treholt og stortingsmann Borten deltok med innleiingsforedrag frå kvar sin synsstad. Sterke ord var jamt brukte både av innleijarane og folk frå salen denne kvelden. Inntrykket frå møtet var at brorparten av dei 300 frammøtte støtta Borten. Per Borten var elles gjest i Oppdal Senterparti ved eit par festlege tilstelningar først på 70-talet. Elles vart den siste kveiken før den viktige EEC-avrøystinga i 1972 gjeven av stortingsrepresentant Ola Røssum på haustfesten på Lønset samfunnshus.

Oppslutninga om Senterpartiet sitt siktemål, samarbeid mellom Noreg og EEC på avgrensna område, var aukande, og da regjeringa Bratteli til slutt «tappet» folkeavrøystinga om EEC-medlemskapen, var det klart for tingingar om ei handelsavtale mellom Noreg og EEC. Sentrumsregjeringa Korvald tok ansvaret for siste akta i marknadsspelet. Desse tingingane ført fram til eit godt resultat.

Regjeringa Korvald, der Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og restane av det gamle Venstre gjekk saman, opna for dei gamle tankane om eit nært og utvida sentrumssamarbeid. (Venstre sprakk i marknadsspørsmålet. Det Nye Folkepartiet oppsto etter at brotet var eit faktum.) Men diverse greidde ikkje koalisjonspartnerane å utarbeide nokor felles erklæring før valet i 1973, og dermed vart regjeringa Korvald berre eit mellomspel i desse særmerkte åra i nyare norsk politisk historie.

Om spenninga var stor før valet i 1971, så var ho ikkje mindre ved stortingsvalet i 1973. Resultatet vart reine jordskjelvet for fleire parti, men ikkje for Senterpartiet, som gjekk fram med eitt mandat til 21. Det som overraska valkommunikatorane mest, var at Senterpartiet ikkje fekk større utteljing for si markante holdning i EEC-saka. I Sør-Trøndelag var det til og med ein tilbakegang. Oppdal skilde seg ikkje ut frå fylkestendensen. I årsmeldingen for Oppdal Senterparti blir det spekulert i om årsaka var taktisk stemmehjelving, manglende appell til dei yngre veljarane, eller om det kanskje var partiet sitt syn på breidt, borgarleg samarbeid som var for uklart framstilt. Det vart òg halde fram at sentrale argument for nei-standpunktet i EEC-saka ikkje var tillagt stor nok vekt i valkampen. Spørsmålsrekka om årsaker var lang både lokalt og sentralt.

### MILJØ- OG RESSURSVERN I FOKUS

I sjølvkritiske vendingar kan ein av og til høre at i Senterpartiet er ein flink til å introdusere nye politiske tema, men kanskje ikkje flink nok til å stå på. Miljøarbeid og miljøfokusering var i alle fall på sakskartet i Senterpartiet frå slutten på 60-talet. I 1968 hadde senterlaga i Oppdal i samarbeid svara på spørsmål frå Senterpartiets hovudorganisasjon om naturforureiningar, naturingrep og om bruk av dyrka mark. I valkampen i 1973 vitja statsråd Helga Gitmark Oppdal Senterparti der ho tala om forureining og miljøvernproblematikk, noko som mange politiske motstandarar berre ble av. Den sterke profileringa på miljø var breidt opplagt med basis i alt livssamkvæm og all menneskeleg samhandling. Miljøaspektet fekk elles etter kvart eit stadig sterkeare grep i mange viktige samanhengar, som til dømes i olje- og energipolitikken.

Trass i alle idéelle målsettingar og fokusering på alt som hadde med miljø å gjera, ulma det i Bygde-Noreg. Fråflytting, utarming og manglende tru på framtida i primærnæringane nørte opp under det som vart Hitra-aksjonen. Det var naturlegvis mykje spørsmål om jordbruk og økonomi, men òg eit varsku om samfunnsmessig miljøopppløysing i distrikta. Desentralisering vart kopla saman med dei økologiske perspektiva.

I 1974 knesette Senterpartiet to viktige prinsipp i energipolitikken: Energiforbruket skulle stabilisera innan 1990 og atomkraft skulle avisast som energikjelde i Norge. Senterpartiet gjekk i bresjen for forsking på bruk av andre energikjelder som til dømes bølgekraft og for satsing på ENØK-tiltak. På mange vis hadde Senterpartiet jamfört med andre parti ein oppsiktsekkjande økologisk profil. Partiet lanserte i høg grad det som seinare vart konklusjonane i Brundtland-kommisjonen på 80-talet. Senterpartiet gjekk i 1977 til val på eit program sterkt prega av omsynet til ressursane. Tida var ikkje mo-

gen. Det grøne opprøret mot økonomisk vekst og materialisme var uttømt, og partiet fekk ein katastrofal tilbakegang frå 21 til 12 mandat på Stortinget. Trua på oljerikdommane hadde gripe tak i folket.

Innde usemjø om kurset framover gjorde sitt til at Senterpartiet verka uryddig. I EEC-striden hadde vi sett nye og uvante konstellasjoner i politikken. Skulle dei tradisjonelle skiljelinene i den politiske kvarldagen bryta? Gode saker som verka samlande, som til dømes distriktspolitikken, var ikkje noko som Senterpartiet var einsleg om å tala varmt for lenger. Distriktspolitikk var politisk allemannseige. Slik var det med fleire saker som Senterpartiet hadde lansert. Vonbrota tok omsider ende, og frå 1983 kan vi snakke om ei konsolidering og stabilisering. Senterpartiet har trass i visse motsetnader til Høgre to gonger på 80-talet gått inn i regjeringsamarbeid på den ikkje-sosialistiske sida.

Oppdal Senterparti kan trass i visse tilbakeslag først på 80-talet no vise til aukande oppslutning ved vala. Ved valet i 1989 kom Tove Kari Viken inn på fast plass på Stortinget. Det var både ein personleg siger og ein partisiger all den tida både Høgre og Arbeidarpartiet hadde kandidatar frå Oppdal som i utgangspunktet tok sikte på fast stortingsplass. Senterpartiet hadde sett EF på dagsorden att, noko dei politiske motstandarane tykte var uinteressant. Heilt utan grunngjaving var likevel ikkje Senterpartiets engasjement i denne saka. Viktige tingningar mellom EFTA og EF var i gang, men ingen utanom daverande regjering Brundtland fekk skikkeleg informasjon om utviklinga i drøftingane. Mange var redde for at dette kunne bli det same som medlemskaps-



Tove Kari Viken, stortingsrepresentant for Sør-Trøndelag Senterparti i inneverande periode (1989-).

tingigar. I dag er interessa for kva som skjer med den norske EF-politikken veksande. Dei fleste partia har no EF-spørsmålet på sakskartet.

Med rot i ei folkerørsle der kravet om politisk medverknad vaks fram, er det heilt naturleg at Senterpartiet rustar seg til forsvar dersom striden skulle koma til å stå om sjølv fundamenta i folkestyret. Politisk delegering kan vera nødvendig, men omsynet til einskildmennesket, kjærliken til heimemiljøet og ein levande allnatur må ikkje bytast med storkapitalen sin grenselause appetitt i ei stadig meir marknadsorientert verd.

#### VED MILEPELEN

Ein milepel er nådd. I 70 år har Senterpartiet samla folk frå landsende til landsende til innsats for idéar tufta på grunnleggjande rettferdstankar. Draumen om demokratisk medverknad, sosial tryggleik og levelege kår for alle i bygd og by skapte engasjement. I dag kan det sjå ut som om mykje av draumen er innfridd, men det er med politiske reformer som med fred og fridom, goda er ikkje vunne ein gong for alle, dei må stadig forsvarast. Difor kan heller ikkje eit politisk parti slappe av så lenge det er talerør for viktige samfunnsinteresser. Demokratiet gjev rom for politisk mangfold. Utan dette mangfaldet ville truleg demokratiet vårt komma til å stagnere, spontanitet og kreativitetsver sive ville visne bort og hevdvunne rettar ville lettare stå for fall. Slik har Senterpartiet som andre parti eit stort ansvar for den demokratiske heilekappen.

I Oppdal har Senterpartiet vore ein svært så aktiv deltakar i dette byggjande mangfaldet. Med unntak av eit par år like etter krigen har partiet hatt ordføraren samanhengande frå 1922 til 1983 (sjå vedlegg), og slik fått lov til å prege utviklinga i bygda i sterk grad. Dette faktumet og kjensla av å ha lukkast med politikken i tidlegare tider må vera ei viktig inspirasjonskjelde og utfordring for dei som skal føre senterpolitikken vidare.

Senterpartiet passerer ein milepel, men ein milepel markerer som kjent ingen ende på vegen. Det er berre eit høveleg påskot til å stanse, sjå seg attende og trøyste seg med at ein har da kome ein lit. Ofte fell vegen lettare når ein har gått seg god og varm - kanskje er det von om å nå att nokon òg, så det vert følgje å få fram til nye milepelar.

#### STYRESAMSETJING FRÅ 1926 TIL 1990

f - formann/leiar  
nf - nestformann/nestleiar  
k - kasserar

**1926-1928**  
Harald Bøysen (f)  
S. H. Sæther (nf)  
Torvald Kolstad  
Esten Hoel  
Georg Aalbu

**1928-1931**  
S. H. Sæther (f)  
I. R. Skarsæm (nf)  
Ole Vammervold  
Uldrik Stavaa  
Georg Aalbu  
John I. Mellem

**1931-1935**  
Knut H. Dørum (f)  
I. R. Skarsæm (nf)  
Uldrik Stavaa  
Ole O. Vammervold  
John I. Mellem  
Georg Aalbu

**1935-1938**  
Knut H. Dørum (f)  
John I. Mellem (nf)  
Georg Aalbu (k)  
Ole O. Vammervold  
Uldrik Stavaa  
Erik Gulåker

**1938**  
Peder O. Haugseth (f)  
Knut Aalbu (nf)  
Esten Hoel (k)  
Ole O. Vammervold  
Ingebrikt Løkken  
Uldrik Stavaa

**1939**  
Anders Nerlo (f)  
Ole O. Vammervold (nf)  
Esten Hoel (k)  
Hans Donali  
Peder O. Haugseth  
Ingebrikt Løkken

**1945 1)**  
Leif Mellem (f)  
Ole Nyseter (nf)  
Erik Gissinger (k)  
Knut H. Dørum  
Halvard Bjørndal  
Ole O. Vammervold  
Erik O. Loe  
1) Styret utvida frå 6 til 7 medlemmer

**1946**  
Leif Skorem (f)  
O. S. Nyseter (nf)  
Erik Gissinger (k)  
Knut H. Dørum  
Halvard Bjørndal  
Ole O. Vammervold  
Erik O. Loe

**1947-1948**  
Halvard Bjørndal (f) 1)  
Knut H. Dørum (nf)  
Erik Gissinger (k)  
Ole O. Vammervold  
Erik A. Loe  
Erik O. Loe  
O. P. Morken

1) Halvard Bjørndal friteken for vernet. Leif Skorem heldt fram som formann.

**1949**  
Anders A. Loe (f)  
Erik Gissinger (k)  
Knut H. Dørum  
O. P. Morken  
Asbjørn Stenberg  
Erik A. Loe  
Ola O. Vammervold 1)

1) Ole O. Vammervold senior vart avløyst av Ola O. Vammervold junior. Senior bad om avløsing pga alderen.

**1950**  
Anders A. Loe (f)  
O. P. Morken (nf)  
Erik Gissinger (k)  
Erik A. Loe  
Ola O. Vammervold  
Harald Dørum  
Knut H. Dørum

**1951**  
Anders A. Loe (f)  
O. P. Morken (nf)  
Ola O. Vammervold (k)  
Knut H. Dørum  
Harald A. Dørum  
Erik Gissinger  
Erik A. Loe

**1952**  
Halldor Rolvsjord (f)  
O. P. Morken (nf)  
Ola O. Vammervold (k)  
Håkon Veggen  
Anders A. Loe  
Harald A. Dørum  
Knut H. Dørum

**1953**  
Halldor Rolvsjord (f)  
Anders A. Loe (nf)  
Ola O. Vammervold (k)  
Knut H. Dørum  
Harald A. Dørum  
Erik Nysæter  
Håkon Veggen

22

**1954**  
Harald A. Dørum (f)  
Jon J. Ekrann (nf)  
Gunnar Grøtte (k)  
Håkon Veggen  
Nils Holden  
Erik Nysæter  
Knut H. Dørum

**1955**  
Harald A. Dørum (f)  
Jon J. Ekrann (nf)  
Gunnar Grøtte (k)  
Nils Holden  
Knut H. Dørum  
Erik Nysæter  
Håkon Veggen

**1956**  
Dag Schefte (f)  
Jon J. Ekrann (nf)  
Erik A. Nerhoel (k)  
Gunnar Dørum  
Nils Holden  
Knut H. Dørum  
Erik Nysæter

**1957**  
Henrik Torve (f)  
Jon J. Ekrann (nf)  
Erik A. Nerhoel (k)  
Ola Hyttebakk  
Knut H. Dørum  
Dag Schefte  
Gunnar Dørum

**1958**  
Henrik Torve (f)  
Jon J. Ekrann (nf)  
Gunnar Dørum (k)  
Toralf Bøe  
Ola Hyttebakk  
Knut H. Dørum  
Dag Schefte

**1959**  
Henrik Torve (f)  
Jon J. Ekrann (nf)  
Gunnar Dørum (k)  
Ola Hyttebakk  
Knut H. Dørum  
Dag Schefte  
Toralf Bøe

**1960**  
Knut K. Dørum (f)  
Dag Schefte (nf)  
Einar Hagen (k)  
Ola P. Hoel  
Erik A. Nerhoel  
Ola Hyttebakk  
Knut H. Dørum

**1961**  
Knut K. Dørum (f)  
Erik A. Nerhoel (nf)  
Einar Hagen (k)  
Asbjørn Stenberg  
Ola J. Vindal  
Knut H. Dørum  
Sven O. Vognild

23

**1962 1)**  
Knut K. Dørum (f)  
Erik A. Nerhoel (nf)  
Nils Holden (k)  
Ola P. Hoel  
Ola J. Vindal  
Knut H. Dørum  
Henrik Torve  
Martha Hevle  
Ola I. Ørstad

1) Nytt lovverk vedteke. Både kvinnene og ungdommen skal no vera representerte i tillegg til ein representant frå kommunestyret.

**1963**  
Erik A. Nerhoel (f)  
Ola P. Hoel (nf)  
Nils Holden (k)  
Ola J. Vindal  
Arvid Røhjell  
Svein Håker  
Henrik Torve  
Martha Hevle  
Ola I. Ørstad

**1964**  
Ola J. Vindal (f)  
Ola P. Hoel (nf)  
Rasmus Snøve (k)  
Einar Lauvås  
Svein Håker  
Arvid Røhjell  
Erik A. Nerhoel  
Ingeborg Lien  
Hans Storindset

**1965**  
Ola J. Vindal (f)  
Ola P. Hoel (nf)  
Rasmus Snøve (k)  
Einar Lauvås  
Arvid Røhjell  
Svein Håker  
Erik A. Nerhoel  
Ingeborg Lien  
Harald Storli

**1967**  
Ola J. Vindal (f)  
Ola P. Hoel (nf)  
Marit Håker (k)  
Dag Schefte

**1966**  
Ola J. Vindal (f)  
Ola P. Hoel (nf)  
Rasmus Snøve (k)  
Inge Lien  
Dag Schefte  
Arvid Røhjell  
Martha Hevle  
Erik A. Nerhoel  
Harald Storli

**1968 1)**  
Ola P. Hoel (f)  
Dag Schefte (nf)  
Marit Håker (k)  
Nils Holden  
Ivar Hinseth  
Finn Viken

1) Representantar for Senterkvinnene, Senterungdommen og kommune-styregruppa er ikkje nemnde under styret i årsmeldinga.

**1969 1)**  
Ola P. Hoel (f)  
Dag Schefte (nf)  
Marit Håker (k)  
Rolf Nerhoel  
Ivar Hinseth  
Nils Holden  
  
1) Sjå kommentar 1968.

**1971**  
Rolf Nerhoel (f)  
Ola P. Hoel (nf)  
Marit Håker (k)  
Nils Holden  
Ivar Hinseth  
Aron Brunborg  
Martha Hevle  
Odd E. Risan  
Erik A. Nerhoel

**1973**  
Svein Håker (f)  
Asbjørn Hovdal (nf)  
Marit Håker (k)  
Halldor Rolvsjord  
Einar Lauvås  
Anders Strand  
Ingeborg Lien  
Erik Gulaker  
Rolf Nerhoel

**1970**  
Rolf Nerhoel (f)  
Dag Schefte (nf)  
Marit Håker (k)  
Ivar Hinseth  
Nils Holden  
Ola P. Hoel  
Martha Hevle  
Ola Grøtte  
Erik A. Nerhoel

**1972**  
Svein Håker (f)  
Ola P. Hoel (nf)  
Marit Håker (k)  
Aron Brunborg  
Halldor Rolvsjord  
Einar Lauvås  
Ingeborg Lien  
Oddbjørn Dalslæren  
Rolf Nerhoel

**1974**  
Asbjørn Hovdal (f)  
Anders Strand (nf)  
Marit Håker (k)  
Hans Storindset  
Ingeborg Lien  
Marit B. Bøe  
Tove Kari Viken  
Erik Gulaker  
Rolf Nerhoel

**1975**  
Asbjørn Hovdal (f)  
Odd E. Risan (nf)  
Hans Storindset (k)  
Ingeborg Lien  
Marit B. Bøe  
Harald Jære  
Tove Kari Viken  
Rolf Nerhoel

**1976**  
Odd E. Risan (f)  
Ola J. Vindal (nf)  
Mikal Gorsetseter (k)  
Marit B. Bøe  
Åse Bjørndal Volden  
Ivar Hinseth  
Margit Witsø  
Rolf Nerhoel

**1983**  
Ola J. Vindal (f)  
Johannes Haugen (nf/k)  
Ingrid Grøtte Johansson  
Ivar Arne Hagen  
Arne Braut  
Elisabeth Strand  
Rolf Nerhoel  
Kjell Haugland

**1984**  
Oddmund Thyve (f)  
Kjell Haugland (nf)  
Johannes Haugen (k)  
Ingrid Grøtte Johansson  
Inger Marit Hagen  
Arne Braut  
Elisabeth Strand  
Ola Vik

**1977**  
Odd E. Risan (f)  
Ola J. Vindal (nf)  
Mikal Gorsetseter (k)  
Marit B. Bøe  
Åse Bjørndal Volden  
Einar Aalbu  
Margit Witsø  
Rolf Nerhoel

**1978**  
Rolf Nerhoel (f)  
Ola J. Vindal (nf)  
Else Skarsæm (k)  
Marit B. Bøe  
Ludvig Killingberg  
Einar Aalbu  
Annikken Lien  
Jon Olav Hevle  
Ivar Hinseth

**1985**  
Oddmund Thyve (l)  
Georg Torve (nl)  
Johannes Haugen (k)  
Inger Marit Hagen  
Arne Braut  
Elisabeth Strand  
Marit Gorsetseter  
Ola Vik

**1986**  
Ola J. Vindal (l)  
Georg Torve (nl)  
Johannes Haugen (k)  
Marit Gorsetseter  
Ola Vik  
Arne Braut  
Magni Holden  
Stein Dahlen

**1979**  
Rolf Nerhoel (f)  
Per A. Gisnås (nf)  
Else Skarsæm (k)  
Oddmund Thyve  
Borghild Heggvold  
Ludvig Killingberg  
Annikken Lien

**1980**  
Ingebright H. Bøe (f)  
Per A. Gisnås (nf)  
Berit Hovdal (k)  
Oddmund Thyve  
Arne Braut  
Elisabeth Strand  
Rolf Nerhoel  
Borghild Heggvold

**1987**  
Ola J. Vindal (l)  
Harald Håker (nl)  
Johannes Haugen (k)  
Stein Dahlen  
Marit Gorsetseter  
Ola Vik  
Magni Holden  
Arne Braut

**1988**  
Marit Bjerke Bøe (l)  
Harald Håker (nl)  
Johannes Haugen (k)  
Arnt E. Nerhoel  
Magni Holden  
Marit Gorsetseter  
Sivert P. Nyhaug

**1981**  
Ingebright H. Bøe (f)  
Arnt E. Nerhoel (nf)  
Berit Hovdal (k)  
Arne Braut  
Ingrid Grøtte Johansson  
Narve Håstad  
Rolf Nerhoel

**1982**  
Mikael Kleffelgård (f)  
Arnt Nerhoel (nf)  
Narve Håstad (k)  
Ingrid Grøtte Johansson  
Arne Braut  
Ivar Arne Hagen  
Elisabeth Strand

**1989**  
Marit Bjerke Bøe (l)  
Annikken Lien (nl)  
Odd Ivar Rogstad (k)  
Arnt Nerhoel  
Magni Holden  
Johan Veggen  
Sivert P. Nyhaug

**1990**  
Arne Braut (l)  
Annikken Lien (nl)  
Odd I. Rogstad (k)  
Ola Arne Aune  
Johan Veggen  
Ingrid Grøtte Johansson  
Arnt Nerhoel

### **3 DEN PARTIPOLITISKE SAMANSETJINGA TIL KOMMUNESTYRET**